

Forskrift om skule- og feriedagar 2026-2027 i Bremanger kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret 18. desember 2025 med heimel i lov 9. juni. 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-2 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskulane i Bremanger kommune skuleåret 2026-2027.

§ 2 Skule – og feriedagar skuleåret 2026-2027:

Tabell for skuleruta:

Månader:	Hending:	Tal skuledagar:
AUGUST	Første skuledag 17. august	11 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Hautstferie: 5. – 9. oktober	17 dagar
NOVEMBER	Elevfri/planleggingsdag: 6. november	20 dagar
DESEMBER	Juleferie: 21. desember – 1. januar	14 dagar
JANUAR	Første skuledag etter jul 4. januar	20 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: 22. – 26. februar	15 dagar
MARS	Påskeferie: 22. mars – 29. mars	17 dagar
APRIL		22 dagar
MAI	Elevfrie dagar: • 6. mai: Kristi Himmelfartsdag • 7. mai: fri • 17. mai: 2. Pinsedag og Grunnlovsdag	18 dagar
JUNI	Siste skuledag: 18. juni	14 dagar
SUM		190 dagar

§ 3 Lokale variasjonar

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2026 og opphøyrer 30. juni 2027.